



Vik Kommune.

VIKØYRI STRANDPARK, BYGGESTEG 2 STRANDPROMENADEN

FORPROSJEKT

20.9.2010 O.Wiik

INNHOLD:

- 1.0 Bakgrunn. Mål. Program.
- 2.0 Planområdet i dag. Arealbruk. Tekniske anlegg.
- 3.0 Kaiparken. Plan og byggeprogram
- 4.0 Kostnadsoverslag og finansiering.
- 5.0 Teikningar. Situasjonsplan og modellbilde.



Strandpromenaden

1.0 Bakgrunn. Mål. Program

Strandpromenaden er andre byggesteg i plan for **Vikøyri Strandpark**, som er ein del av prosjektet ”Utvikling rundt kulturminne i Vik”.

Reguleringsplan for området ”Sjøfronten på Vikøyri” vart vedteken i Vik Kommunestyre i møte 9.11.09.

Arealbruk i reguleringsplanen er lagt til grunn for Vikøyri Strandpark/Strandpromenaden

Prosjektet **Vikøyri Strandpark** vart i 2009 godkjent for tilskot frå

Sogn og Fjordane Fylkeskommune sitt program for **tettstadfornying**.

Tilsagn om 500.000 kr til første byggesteg ”Kaiparken” vart gjeve i juni 2009, og tilsagn om 900 000 til Strandpromenaden vart gjeve i mars 2010

Målet med Strandparken er å rusta opp sjøfronten mellom elvane til eit tiltalande offentleg rom eller allmenning der vikjer kan møtast og der reisande kan få eit positivt møte med Vik.

Sjøfronten langs Vikjabukti har to *knutepunkt*: området kommunehuset/kommunekaien og området ved Kristianhus.

Strandpromenaden vil binda saman dei to knutepunkta langs sjøfronten i sentrum, og eksisterande og nye friluftsområde/parkområde mellom Vikja og Hopra.

Strandpromenaden vil også letta tilgangen til fjorden og til båtar/fortøyingsplassar for ålmenta og for rettshavar på strekningen.

Tiltaksområdet er strekningen frå Brekkes kiosk til fellesnaustet.

Brekkes kiosk er eit viktig og svært synleg møtepunkt i sentrum ved krysset mellom RV13 og fylkesvegen. Det er no ikkje mogeleg å passera kiosken på sjøsida

Det er forutsett at sjølve strandpromenaden/gangvegen vert vert bygd på oppfylling av spriegstein og med plastra front, med avtrapping for lettare sjøkontakt/tilkomst til brygger m.m.

Mellan gangvegen og RV13 er det forutsett grøn rabatt med oppstamma trerekke.

Gangvegen er planlagt med breidde ca 2-2,5m og fast dekke.

Området ved kiosken er forutsett opparbeidd med nytt markdekk og planting.

Ein mindre trekai skal gje passasje på sjøsida av kioskbrygget.

Det er forutsett at eks. veglys gjev tilfredsstillande belysning.

2. Planområdet i dag.

Tiltaksområde. Areal

Tiltaksområdet for Strandpromenaden er strekninga langs nordsida av RV13 frå fellesnaustet til og med Brekkes kiosk.

Langs fellesnaustet: grasflate ca 0,3-0,5m lågare enn riksvegplanet. Ca 30m

Granden: Asfalterr flate i plan med RV 13. Ca 15m

Frå Granden til Fjordsylv: plastra vegskråning ca 1:1,5. Ca 130m

Frå Fjordsylv til Brekkes kiosk: Mur av naturstein. Tilnerma vertikal. Ca 30m

Området rundt Brekkes kiosk: Ca 0,6 da . I hovedsak asfalterr flate .

Dekke i varierande stand.

Tiltaksområdet utgjer ca 2,5daa , der ca 50% er sjøareal ved middelvasstand.

Grunnforhold

Grunnen er elveavsetningar/lausmassar, og utfylling av tilførte massar.

Det er ikke registrert større setningar i eks utfylte massar.

Planlagt utfylling avgrensar seg til ei 6-8m brei sone på utsida av eks vegfylling, med største fyllinghøgde ca 2,5m.

Avstand til marbakke er 15-25 m fra eks murfot.

Terrenghøgder:

Området ved kiosken er tilnærma flatt med svakt fall mot nord . Høgder 1,7-2,1.

Golv i kiosken kote 2,25

På oppdrag frå Vik Kommune har Sognekraft as v/ ing. A. Orvedal teke opp 5 typiske profilar for terrengr/sjøbotn på strekninga frå kiosken til kanalen.

Profilane viser m.a.:

- RV13 har høgde 2.0 +/- 10cm.
- Høgde ved foten av eks vegmur : fra 0 til -0,5.
- Sjøbotn har fall ca 1:7-1:8 ut frå murfoten til marbakken ca 15-25 m fra eks. murfot
- Sjøbotn utover marbakken har fall 1:2-1:2,5

Arealbruk.

Området mellom fellesnaustet og RV 13 er grasmark som vert skjøtta av Vik Kommune.

Granden er avkjørsle og oppstillingsplass for bilar .

(Ytre del er grasareal og er i bruk som friområde og til bading/fiske.)

Strekningen på sjøsida av RV13 frå Granden til Fjordsylv er brukt av nausteigarar og andre rettshavarar til båtfeste i sommarhalvåret.

På strekninga ligg ein murt undergang/kanal under riksvegen, til ein liten lagune med båtopptrekk på sørsida. Uk dekke er ca kote 1,5. Breidde ca 4,5m.

På strekninga er det laga enkle innretningar for båtfeste. Fortøyingsboltar, trappetrinn og liknande.

Området rundt kiosken er brukt til opphold/møteplass og parkering.

1.sundag i advent er det tenning av julegrana på plassen vest for kiosken.

Eit mindre område er avgrensa med kantstein av betong som oppholdssone med benker/bord.

Området er også oppstillingsplass og areal for ombord og ilandkøyring for ferjetrafikk på lokalbåten Sylvarnes, og for evt. *nødferje* når Vangsnesvegen er stengd.

Tekniske anlegg.

VA- anlegg i grunnen.

2 leidningar for overflatevatn kryssar vegtraseen: aust for kiosken og vest for granden.

1 leidning(Ø200) for overflatevatn kryssar plassen mellom kiosken og kommunehuset.

1 leidning for avløp frå Vik Meieri munnar ut i vegmuren nord for Fjordsylv.

Denne er no ute av bruk og forutsett fjerna.

El-anlegg

Det er mellomhøge 2 lysmaster ved kiosken, og 5 høge master på strekninga frå kiosken til granden, på sjøsida av riksvegen..

Teleinstallasjonar.

Det er gjort registrering av telekablar i grunnen i området vest for kiosken.

Eigedomsforhold.

Eigartilhøva er prega av at strandlina historisk har vore eit knapt gode.

Det er registrert i alt 23 eigalar/festalar og + 2 rettshavarar (båtfeste) innafor tiltaksområdet.

Då er dei 5 partane i fellesnaustet medrekna, samt Vik Kommune og Statens Vegvesen.

Ved opparbeiding av RV13 framfor naustrekkja i 1946 vart nausteigedomane avskorne frå sjøen. Det er her lagt til grunn at Statens Vegvesen sin eigedom sluttar ved murfot/fyllingsfot på nordsida, og at sjøgrunn ut til marbakken er del av nausteigedomane som grensar til riksvegen på sørsida, når ikkje anna går fram av tilgjengelege dokument.

Vik Kommune er registrert som eigar eller festar av 7 av eigedomane i området. Dette inkluderer areal under Vik Allmenning.

Det er eit generelt problem at dokumentasjon på eigarforhold og grenser er mangelfull for strandlina på Vikøyri.

Her er lagt til grunn følgjande kjelder/dokument:

*Eigedomskart over del av Vikøyri . Oppteikna av Ola G. Brekke 1988.

*Kart over arealbruk/eigedomsforhold på Vik Allmenning. Teknisk Etat 1.5.1990.

*Div. målebrev/opplysningar frå oppmålingsavdelinga Vik Kommune.

*Opplysningar frå partar/eigalar i tiltaksområdet.

Det er naudsynt å ta atterhald om evt. feil og manglar i oppstillinga over eigalar/rettshavarar, på grunn av ufullstendig dokumentasjon.

Eigalar/rettshavarar på sjøsida av RV 13 frå Brekkes kiosk til fellesnaustet.

Merk: Partar registrerte med berre båtfesterett er merka B

Gnr/bnr/feste	Namn/eigar	Adresse
RV 13	Statens Vegvesen. Region Vest	6863 Leikanger Askedalen 4
2/7	Odd Rune Turvoll	6893 Vik i Sogn
42/1/11, 4/5 , 26/100	Jens K. Christensen	6893 Vik i Sogn
37/1	Ove Håkon Tryti	6893 Vik i Sogn
37/1	Jan Olav Andersen	Nonnegata 15 0656 Oslo
39/34	Gyrid Vikøren	Ospelia 14 2020 Skedsmokorset
1/252	Odd Frode Vikøren	6893 Vik i Sogn
40/94 , 96/1	Knut Mykkeltvedt	Postboks 1136891 Vik i Sogn
1/192	Leidulf Finden	6893 Vik i Sogn
29/1	John Holstad	6893 Vik i Sogn
29/9 B	Gudrun og Per Arne Rosmo	Furuveien 6 0667 Oslo
41/30	Ola Svendsen	6893 Vik i Sogn
41/103	Kristian Otterskred	6893 Vik i Sogn
1/123	Sigurd Holstad	6893 Vik i Sogn
1/123	Bjarne Tryti	6893 Vik i Sogn
27/1	Lars Voll	6893 Vik i Sogn
41/98 B	Rigmor Havsgård	Nordre Toppe 17B 5136Mjølkeråen
1/53	Jarle Christensen	6893 Vik i Sogn
41/1,42/1 m.m.	Vik Kommune	6893 Vik i Sogn
42/1/10	Odd Vikøren	6893 Vik I Sogn
	Bjarne Bjørnestad	6893 Vik I Sogn
	Alf Sæbø	6893 Vik I Sogn
42/1/2	Johanne Marie Jakobsen(Endrast!)	
26/57	Ragnhild Helleland	6893 Vik i Sogn
41/44/1	Kjell Brekke	6893 Vik i Sogn

Plan Vikøyri strandpark.



3. Plan og byggeprogram, Strandpromenaden.

Vedlagt situasjonsplan og modellfoto syner løysingsforslag.

Hovudtrekk i plan for opparbeiding: (Sjå situasjonsplan og modellfoto)

- 3.1 Området ved/rundt Kiosken
- 3.2 Trekai
- 3.3 Gangveg på fylling
- 3.4 Gangbru/forlenging av kanalen.
- 3.5 Gangveg sør for fellesnaustet.
- 3.6 Grøntanlegg. Planting
- 3.7 Møblar/utstyr.

3.1 Området rundt kiosken. Kioskpllassen.

Det er naudsynt å gje tilstrekkeleg manøverrom for køyretoyr som skal av/på ferje.
Dette begrensar areal som kan reserverast for mjuke trafikantar.

Plassen for opphold mellom kiosken og kommunehuset er i forutsett opparbeidd med nytt markdekke av god kvalitet og robuste ute møblar.

Det skal vera gangsamband på sjøsida av kiosken frå kaien og til gangvegen langs RV13

3.2 Trekai.

Kaien er primært tenkt som gangveg/passasje på sjøsida av kiosken, i mindre grad som kai. Trekai er vurdert som enklare og rimelegare enn fylling/muring på grunn av botnforholda. Kaien er tenkt utført i prinsipp som ny kai i Kaiparken:

Kreosotimpregnerte stolpar pela frå land. Dekke av 2"6" impr. plank.

Areal: ca 45m²

3.3 Gangveg på fylling.

På strekninga frå kiosken til granden skal gangvegen liggja på ny fylling.

Fylling for gangveg må vera grov sprekstein og/eller andre massar som ikkje er utsette for utvasking.

Fyllmassar vert avdekka i front med plastring av stor stein. Plastring skal ha fall 1:1-1:1,5

Fronten skal avtrappast med eit horisontalplan med breidde ca 1m i høgde ca 1meter lågare enn gangvegdekke.

Gangvegdekke skal liggja ca 20 cm under riksvegplanet på hovedstrekket.

Vegdekke skal vera brotskifer lagt i betong.

Alternativt betongdekke med enkelte skiferdekka parti , om økonomien tilseier det.

Løysinga gjer kantstein overflødig.

På tre plassar er det forutsett litt utvida vegbane med plass for ein benk.

Trappetilkomst til nedre nivå i plastringa er forutsett utført som murt trapp . 3 trapper fordelt på strekninga.

3.4 Gangbru/forlenging av kanalen

Eksisterande murar for kanalen er forutsett ført vidare ut til ny murfot.

Over kanalen vert lagt ei gangbru som eit plassøypt dekke av 25x 250 mm betong, med "siglingshøgde" min 10 cm høgare enn eks kanal. Fritt spenn ca 4.5m

Brua får smijernsrekkeverk som Hopperstadbru, og dekke av brotskifer.

3.5 Gangveg sør for fellesnaustet.

På strekninga frå Granden og forbi Fellesnaustet. (Ca 35 m) er det forutsett enkle tiltak for å få samanhengande gangveg til Kristianhusområdet.

Det er i reguleringsplan lagt opp til at Fellesnaustet skal bort på sikt.

Det er difor ikkje forutsett å leggja store ressursar i ei permanent løysing for gangvegen.

Jord vert fjerna i ei breidde på ca 3m. Det vert fylt opp med bærelag og knuste massar, og lagt asfalt på topp i breidde 2- 2,5m. Vegskråning mot fellesnaustet og rabatt mot RV13 vert fylt opp med jord og tilsådd med gras.

3.6 Grøntanlegg. Gartnararbeid.

*Ved kiosken:

2 tre i tilpassa kar/plantekassar.

Jorddekket felt/rabatt med grasdekke mot RV 13.

*Mellom gangveg og RV13:

Jorddekket rabatt med grasdekke (blomstereng) og oppstamma tre cc 10-15m.

Ca 200 m. Ca 1,5m- 2m breidde

*Langs gangveg på sjøsida mot plastral skråning:

Buskplanting: Rosa Rugosa. cc1-2m. Ca 100stk.

3.7 Møbler /utstyr.

- Boss stativ. For faststøying. 2 stk. langs gangveg.

- Benker langs gangveg. 2 stk for faststøying.

- Utemøbler ved ved Brekkess kiosk:

Forutsett innkjøpt av Brekkess kiosk i samråd med Vik Kommune.

- Skilt.

4. Kostnadsoverslag og finansiering.

Fylgjande er lagt til grunn for kostnadsoverslaget.

1. Prisar frå tilsvarende arbeid/prosjekt i området, med skjønnsmessig tilpassing.
2. Arbeid som Vik Kommune utfører er prissett/kalkulert som øvrig arbeid; dvs. med pårekna marknadsverdi.
3. Det er forutsett at Vik Kommune utfører fylgjande arbeid som del av eigenbidrag:
 - Prosjektadministrasjon/byggeleiing
 - Deler av planlegging/prosjektering.
 - Deler av gartnararbeidet.
4. Arbeidet er forutsett utført i hovedsak innan utgangen av 2011

4.1 STRANDPROMENADEN		Entreprisekostnader		Prisar pr aug.2010 eks.mva
		mengd	Kr/eining	Pris 1000kr
1	Området kiosken			
1.1	Avdekking/graving. Oppfylling /komprimering	500	100	50
1.2	Granitt kantstein 12x25 m.fas.	120	500	60
1.3	Dekke av belegningsstein	320	450	144
1.4	Dekke av brotskifer lagt på betong.	20	1000	20
1.5	Kantmur av betong og oppfylling/komprimering av massar nord for kiosken.		RS	30
1.6	Asfaltering. Langs ny kantstein. Ca 45		RS	9
2	Trekai			
2.1	Komplett trekai utført som i Kaiparken. Inkludert landfundament av betong.	46	2500	115
3	Gangveg på fylling. Kiosken til Granden.			
3.1	Plastring av front mot sjø med naturstein.	750 m2	1000	750
3.2	Fyllmassar ca 10m2x140	1400 m3	190	270
3.3	Kantstein/betongmur langs gangveg aust for kiosken.	30m	RS	20
3.4	Muring av 3 trapper i plastring		RS	30
3.5	Vegdekke av brotskifer i betong	350m2	1000	350
3.6	Forlenging av 2 eks røyr for overvatn. 160mmm		RS	10
3.7	Lommer langs gangveg. 3stk. Tilpassingar/kantar		RS	15
4	Gangbru/forlenging av kanalen			
4.1	Muring av kanalvegger	40	2000	80
4.2	Brudekke av betong 2,5x5m/25cm		RS	40
4.3	Rekkverk av smijern. Type som Hopperstadbrui		RS	25
5	Gangveg langs Fellesnaustet.			
	Fjerning av matjord, oppfylling og komprimering av bærslag. Asfaltering. Ca 35m lengde /2,5m breidde.		RS	30
6	Grøntanlegg. Gartnararbeid.			
6.1	Innkjøpte plantar/tre, frø m.m.		RS	40
6.2	Jordarbeiding/preparering, planting		RS	40
6.3	Tilkjørt, solda jordmasse i plen/plantefelt. Planert.	Ca 50m3	RS	10
7	Tekniske anlegg.			
7.1	Flytting av lysmast		RS	12
7.2	Oppforing/tilpassing kummar.		RS	10
7.	Møblar/utstyr			
	Benker og bos-stativ for faststøying. 2-3stk. Skilt/info m.m.		Rs	50
10	Diverse/uforutsett			150
	SUM			2360

4.2 STRANDPROMENADEN. SAMANSTILLING. KOSTNADSOVERSLAG.

	Arbeid/entreprisar	Kr.
1	Generalkostnader	
1.1	Prosjektadministrasjon . Byggeleiing	100
1.2	Planlegging/prosjektering	250
3.	Opparbeiding.	
3.1	Entreprisekostnader	2.360
	Sum prosjektkostnader, eks mva	2.710

4.3 STRANDPROMENADEN. FINANSIERINGSPLAN. 1000kr

1	Vik Kommune.	
1.1	Budsjett midlar (2009/2010/2011)	1.390
1.2	Arbeid utført/levert av Vik Kommune. Prosjektleiing og prosjektering. 250.000* Gartnararbeid m.m. 50.000	300
2	Tilskot frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune til tettstadfornying.	900
3	Andre midlar/bidrag. Vik Allmenning m.m.	120
4	Sum eks.mva	2.710

*I stor grad prosjektmidlar ”Utvikling rundt kulturminne i Vik”

5.0 Teikningar.

Planar er utarbeida av O.Wiik i samarbeid med arkitektfirma J.Vikøren AS v/ Rune Tangstad.

Oppteikning og 3D modell er utført av R.Tangstad.

NB! Av modelltekniske årsaker syner modellfoto *trappetrinn* i plastringsflata mot fjorden.

Plastringsflatene vert reelt tilnerma plane.

5.01 Plan	M = 1:500
5.02 Planutsnitt. Området kiosken	M=1:200
5.03 Snitt AA Gangveg	M= 1:50
5.04 Snitt BB Gangveg	M= 1:50
5.05 Snitt CC Gangveg/bru	M= 1:50

5.06 Modellfoto 1

5.07 Modellfoto 2

5.08 Modellfoto 3

5.09 Modellfoto 4


5.10 Modellfoto 5

VEDLEGG: TEIKNINGAR OG MODELLFOTO.

5.1 Plan Strandpromenaden.





5.2 Planutsnitt



Planutsnitt . Ved båtopptrekk/bru



5.3 Snitt



5.4 Modellfoto

Modellfoto 1



Modellfoto 2



Modellfoto 3



Modellfoto 4

